



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	10.04.2018
Tid:	13:30 – 18:50

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Jens Terje Johnsen	Reidun S Myrvågnes	AP
Sofie Mere Arntsen	Per Kristian Furø	AP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnnes
Kommunal sjef stab Jan Vidar Dammen Hjølmeseth
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller
Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol
Planleggar/avdelingsleiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn
Prosjektleiar eigdom Rolf Henning Skrede Hide

Sofie Mere Arntsen fekk permisjon frå kl 18.00 og gjekk etter hansaming av F-sak 65/18.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Solveig Helen N. Båtsvik og Jens Terje Johnsen

Ingen hadde merknader til at F-sak 70/18 vart satt på saklista og at F-sak 69/18 vart flytta og handsama først i møtet.

Møtet starta med orientering frå Bergen Capital Management AS.

Skriv delt ut i møte:

Notat datert 09.04.18 – Orientering om budsjettkontroll per 28.02.18.

F-sak 70/18 – Marine Harvest Eggesbønes AS – Intensjonsavtale om utbygging av næringsområde.

F-sak 63/18 – U.off. § 15 - Innkjøpsavtale lærebøker.

Orienteringar:

Bergen Capital Management AS (BCM) ved Kenneth Christoffersen.

Rådmannen orienterte om ein intern pendlaravtale.

Ordføraren orienterte om problemstilling om skjenkeløyve ved Kulturhuset.

Solveig Helen N. Båtsvik

Arnulf Goksøy
underskrifter

Jens Terje Johnsen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 57/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 58/18	Protokoll frå førre møte
PS 59/18	Delegerte saker
PS 60/18	Referatsaker
PS 61/18	Detaljreguleringsplan for Elsebø gnr. 30 bnr. 9 - utlegging til offentleg ettersyn
PS 62/18	Omregulering frå parkering til park/leik. Slutthandsaming.
PS 63/18	Innkjøpsavtale lærebøker
PS 64/18	Fastsetjing av planprogram for kommunedelplan helse og omsorg
PS 65/18	Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt
PS 66/18	Gnr 34 Bnr 7 - Grunnerverv parkeringsplass
PS 67/18	Interkommunal kystzoneplan for YSS - utlegging av planprogram til offentleg ettersyn
PS 68/18	Kommunal tilrettelegging for mineralressursar i kommunen
PS 69/18	Informasjon/dialog om innsparingstiltak
PS 70/18	Marine Harvest Eggesbønes AS - Intensjonsavtale om utbygging av næringsområde

Referatsaker

- RS 11/18 Søre Sunnmøre tingrett - endring av domstolsgrenser
- RS 12/18 Pasient- og brukerombudets årsmelding 2017
- RS 13/18 Beslutninger fra Politidirektoratet som berører namsmanssfunksjonen i Møre og Romsdal politidistrikt
- RS 14/18 The Fjords <->Reiselivsanalyse
- RS 15/18 Forslag til ny hamne- og farvasslov
- RS 16/18 Oppsummering av rapport frå Multiconsult: Forprosjekt deponi i indre hamn
- RS 17/18 Kommunens mynde i mindre vannkraftsaker – informasjon til kommunen
- RS 18/18 Orientering om budsjettkontroll per 28.02.2018

DS 7/18

Delegerte saker frå avdelingane

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for
åpent arrangement (enkelt, bestemt
anledning) Etter fjøstid 23.03.2018

PS 57/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 58/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 59/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 60/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 61/18 DETALJREGULERINGSPLAN FOR ELSEBØ GNR. 30 BNR. 9 - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar/avdelingsleiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2018

Formannskapet vedtek at føresegna endrast ved at det skal stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding og ferdigstilling av leikeplassar før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest. Med denne endringa vedtak formannskapet, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Elsebø gnr. 30 bnr. 9 vert lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

PS 62/18 OMREGULERING FRÅ PARKERING TIL PARK/LEIK. SLUTTHANDSAMING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.04.2018

Med heimel i plan- og bygningslova §12-12 vedtek Herøy kommunestyre å regulere om føremål ved Valaker til føremål park-/ leikeområde i samsvar med plankart og føresegner datert 21.11.17.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 63/18 INNKJØPSAVTALE LÆREBØKER

Møtebehandling:

Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy orienterte.

Formannskapet kom med slikt samrøystes vedtak:

Formannskapet ber administrasjonen innhente juridisk vurdering av kva handlingsrom kommunen har i forhold til å legge til rette for at lokalt næringsliv i større grad kan konkurrere om kommunale innkjøp med bakgrunn i det nye off.anskaffelsesregelverket som trådte i kraft 1.januar 2017.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2018

Formannskapet ber administrasjonen innhente juridisk vurdering av kva handlingsrom kommunen har i forhold til å legge til rette for at lokalt næringsliv i større grad kan konkurrere om kommunale innkjøp med bakgrunn i det nye off.anskaffelsesregelverket som trådte i kraft 1.januar 2017.

PS 64/18 FASTSETJING AV PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2018

Formannskapet fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 revidert planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg.

PS 65/18 PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - VAL AV UTBYGGINGSTOMT

Møtebehandling:

Prosjektleder Rolf Henning Skrede Hide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.04.2018

1. Herøy Kommunestyre vedtek riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis og oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.
2. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement.

PS 66/18 GNR 34 BNR 7 - GRUNNERVERV PARKERINGSPLASS

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.04.2018

Herøy kommunestyre kjøper areal til parkeringsplass frå gnr 34 bnr 7 som vist på kart dagsett 21.03.2018.

Kjøpesum for arealet er rund sum 700 000kr.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153
kr 700 000,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 700 000,- (Kjøpet vert belasta prosjekt «strategisk grunnkjøp» som tidlegare er lånefinansiert)

PS 67/18 INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YSS - UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.04.2018

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i PBL §11-13 å legge planprogram for interkommunal kystzoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.

PS 68/18 KOMMUNAL TILRETTELEGGING FOR MINERALRESSURSAR I KOMMUNEN

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2018

Formannskapet stiller seg positive til at det vert søkt om stønad frå forskningsfond og at det vert gjennomført eit forsknings- og utviklingsarbeid knytt til vidareutvikling og utnytting av mineralressursane i kommunen.

PS 69/18 INFORMASJON/DIALOG OM INNSPARINGSTILTAK

Møtebehandling:

Desse orienterte:

Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen Hjelmeseeth.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller.

Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy.

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol.

Samla sak vert sendt via komiteane før formannskapet og kommunestyret handsamar saka.

Vedtak i Formannskapet - 10.04.2018

Orienteringa vert tatt til vitende.

PS 70/18 MARINE HARVEST EGGESBØNES AS - INTENSJONSAVTALE OM UTBYGGING AV NÆRINGSOMRÅDE

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

I avtalen punkt 5 vert «eigedomsskatt» sletta.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 10.04.2018

Herøy kommunestyre godkjenner intensjonsavtalen med Marine Harvest AS.

Ordfører får fullmakt til å signere kontrakt i samsvar med innhaldet i vedlagt forslag til avtale mellom Herøy kommune og Marine Harvest AS.

MØTET SLUTT!